



Arkivnr: 2015/1714-1

Saksbehandlar: Anne Vedvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet	33/15	18.03.2015
Fylkesutvalet	71/15	26.03.2015
Fylkestinget	42/15	09.06.2015

## Kollektivmeldinga 2014

### Samandrag

Kollektivmeldinga 2014 er skriva som ei årsmelding, og inneheld eit oversyn over drifta og dei viktigaste hendingane innan kollektivfeltet i Hordaland i 2014.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

1 Kollektivmeldinga 2014

## **Fylkesrådmannen, 09.02.2015**

Kollektivmeldinga har vore lagt fram årleg sidan i 2008, og er ei årsmelding for kollektivområdet. Meldinga inneheldt ei samla oversikt over drifta og dei viktigaste aktivitetane det siste året.

Føremålet med kollektivmeldinga er todelt. På den eine sida oppsummerer meldinga året som er gått og er såleis ei kjelde til kunnskap om dei ulike aktivitetane som er gjennomførte. På den andre sida skal meldinga peika framover ved å synleggjera kva område fylkeskommunen må prioritera i tida som kjem. Det er derfor ynskjeleg at kollektivmeldinga skal stimulera til debatt og auka politisk engasjement om kollektivområdet.

Ved handsaminga av Kollektivmeldinga 2013 sak 11/2014 fatta fylkestinget fylgjande vedtak:

1. *Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.*
2. *Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osv.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.*
3. *Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.*

Drosjenæringa sin plass i kollektivtilbodet er omtalt særskilt i Kollektivmeldinga 2014. Når det gjeld bonus/malus har fylkesrådmannen vurdert det slik at talmaterialet er unnateke offentleggjering, og oversikt over dette er derfor ikkje tatt med i meldinga.